



ALLTID BEREDT

## Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

---

|                   |                                                                                        |
|-------------------|----------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Tid:</b>       | Sundag 15. mars 2020 kl. 13:00                                                         |
| <b>Stad:</b>      | Facebook videochat                                                                     |
| <b>Tilstades:</b> | Erik Bloch, Espen Sørensen, Marius Johannessen, Solveig Lanes, Øyvind Gulliksen (vara) |
| <b>Frå adm.:</b>  | Hildegunn L. Fjelland                                                                  |
| <b>Andre:</b>     |                                                                                        |
| <b>Forfall:</b>   | Magnus M. Aronsen (Vara), Magnus Molland, Brage Fiskå                                  |
| <b>Referent:</b>  | Hildegunn L. Fjelland                                                                  |

---

Kretsleiar leia styremøte.

### Saksliste

|                |                                                                   |
|----------------|-------------------------------------------------------------------|
| RK-sak 06/2020 | Godkjenning av innkalling og saksliste                            |
| RK-sak 07/2020 | Godkjenning av referat frå styremøte 05. januar 2020              |
| RK-sak 08/2020 | Statusrapport                                                     |
| RK-sak 09/2020 | Festivalleir                                                      |
| RK-sak 10/2020 | Endring i reglar for matoppgåve/patruljedrift i kretskonkurransen |
| RK-sak 11/2020 | Utlånsordning HLR-dokker                                          |
| RK-sak 12/2020 | Økonomirapport                                                    |
|                | Eventuelt                                                         |

**RK-sak 06/2020: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Tid og stad vart endra grunna coronaviruset. Kretsstyremøte vart gjennomført gjennom Facebook videochat istadenfor fysisk oppmøte.

*VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent med merknad om endring i tid og stad.*

**RK-sak 07/2020: Godkjenning av referat frå styremøte 05. januar 2020**

Ingen merknader til referatet.

*VEDTAK: Referatet frå styremøtet 28. april 2019 vert godkjent..*

**RK-sak 08/2020: Statusrapport**

- Emnekveld 31.01.20:  
Oppmøte på årets emnekveld i knutar og pionering var overveldande i forhold til dei siste åra, med 35 påmeldte deltakarar og 5 stab.
- Årsmøtet:  
Årsmøte vart arrangert i samfunnshuset I Førde og hadde 43 stemmeberettiga.

*VEDTAK: Styret tek statusrapporten til orientering.*

**RK-sak 09/2020: Festivalleir**

Det har kome forslag frå Karmøy-gruppene og nokre kretsstyremedlem om at kretsstyret vel eit tema for festivalleiren, også at alle gruppene stiller med ein aktivitet. Dette vert då istadenfor at ein festivalleirkomiteé skal sitje med ansvaret for heile programmet. Kretsstyret har diskutert kva som skal vere tema i år.

Per dags dato veit me ikkje om festivalleiren kan gjennomførast med tanke på coronaviruset. Dette må me berre sjå ann etter kvart. Kretsstyret planlegg førebels som normalt.

*VEDTAK: Kretsstyret vel å gå for det innkomne forslaget. Kretsstyret har valt temaet «Vikingtid» for årets festivalleir. Kretssekretær orienterer gruppene om endringa.*

**RK-sak 10/2020: Endring i reglar for matoppgåva/patruljedrift i kretskonkurransen**

Det er føreslått å forby bruk av eingongsartiklar under matoppgåva under kretskonkurransen. Dette er føreslått både med tanke på miljøperspektivet og fordi det lettar oppvasken for patruljane som brukar eingongsartiklar under konkurransen.

*VEDTAK: Kretsstyret støttar forslaget om forby bruk av eingongsartiklar under matoppgåva på kretskonkurransen. Kretskonkurranskomiteen utarbeidar nye vurderingskriteriar for matoppgåve/patruljedrift.*

**RK-sak 11/2020: Utlånsordning HLR-dokker**

Kretsen har motteke ein hjartestartar og hlr-dokker (anne-dokker) frå forbundet. Meling speidargruppe tok initiativ til å søkje om dette. På kretstinget 2020 vart det diskutert ein utlånsordning for hlr-dokkene. Fleire grupper ytra ynskje om at dokkene skulle vere plassert meir sentralt i kretsen. Kretsstyret fekk i oppgåve å lage ei utlånsordning. Kretsstyret ynskjer å involvere Meling speidargruppe i denne prosessen, og har difor spurt Meling om kva dei tenkjer.

Meling speidargruppe føreslår at dei skal ha ansvar for utlån, oppbevaring og vedlikehold. Dokkene vert då plassert på Meling og dokkene må hentast her.

Kretsstyret drøfta forslaget til Meling speidargruppe. Dei trur at få vil nytte seg av tilbodet dersom dei er på Meling. Difor ynskjer kretsstyret at hlr-dokkene skal vere meir sentralt plassert i kretsen. Kretsstyret føreslår at Meling speidargruppe kan ha dokkene på Meling, men at dei må køyre dokkene til Lier eller møte dei som skal låne dokkene på halvvegen. Kretsstyret meiner då at Meling får behalde dokkene store delar av tida. Alternativet vert at dokkene er plassert på Lier og at kretsskretær har ansvaret for utlån.

*VEDTAK: Kretsstyret har avtalt med Meling speidargruppe at Meling deltek på neste kretsstyremøte for å diskutere saka vidare.*

#### **RK-sak-12/2020: Økonomirapport**

Kretsstyret har ingen merknadar.

*VEDTAK: Økonomirapporten vert godkjent.*

#### **Eventuelt**

- Etter anbefalingar frå forbundet og folkehelseinstituttet har kretsstyret vedtatt å avlyse Kretskonkurransen og kretsens helg p.g.a coronaviruset. Kretssekretær orienterer gruppene om dette.